

Frå venstre:
Vått: Dei som toler vatn, kunne stilla seg i "gapestokken" og få svampar kasta i andletet på marknaden.



Rop til epleguden: Mange born deltok i eplesaftproduksjon på Spildegarden søndag. Iveren var stor både under plukkinga, raspinga og pressinga.



Frukt- og siderfestivalen lokka sju hundre på konsert og siderfest, og førde Øystese sentrum til kokepunktet under marknaden.

SIGBJØRN LINGA

– Dette gav meirsmak, seier John Malm Nordgaard.

Saman med kona Hilde Dynge-land og borna Henrik (4) og Marie (7) tok han turen frå Bergen til festivalen i Øystese. Dei overnatta på Hardangerfjord Hotel laurdag til søndag.

– Det er fyrste gong me reiser på festival i Hardanger. Me var innom marknaden laurdag, men kunne ikkje vera der så lenge. Det var rett og slett for mykje folk der for borna, forklarar Dyngeland.

Paret var ikkje på siderfesten i Øystesehallen laurdag kveld, men trøystar seg med at dei fekk smaka hardangersider på hotellet. Smaken får ros.

Sundag var gjestene frå Bergen mellom dei som vitja fruktgarden til Geir Henning Spilde i Vik, eit festivalinnslag som er nytt. Dei om lag tretti gjestene vart fyrst stabla på eplekassar i tilhengjaren bak traktoren. Traktoren køyrde til Kjosås-lia, der passasjerane fekk plukka eple. Etterpå returnerte dei til tunet i Vik for å raspa og pressa epla. Dei påmelde fekk ein dunk eplesaft med etikettar med deira egne namn.

– Veldig kjekt, og midt i blinken for borna. Det var stas for dei då me lyfta dei opp slik at dei fekk plukka epla øvst i treet. Eg håpar dette vert arrangert fleire år, seier Hilde Dyngeland.

– Litt startvanskar

Bonden varslar ikkje noko anna



Konsentret: Kjell Einar Sekse sat i juryen som plukka ut Gerd Lysen og Helge Frøland som vinnarar i sidertevlinga. – Mykje synsing, vedgjekk Sekse etterpå. Dei andre i juryen var Gislaug Kristiansen, Torunn Øvsthus og Arnvid Steinstø.

– Frukt- og siderfest gav

førebels.

– Dette var stor suksess, sjølv om eg støyte på enkelte skjer i sjøen, seier Geir Henning Spilde.

Verten siktar til at han fyrst ikkje fekk start på traktoren og måtte ty til "vesletraktoren" for å få ladd batteriet. Maskina som raspar epla til mos, skar seg seinare fordi motoren gjekk galen veg. Den sindige eigaren vølte bae problema på kort tid med utolmodige, ivrige

og forvitne born rundt seg.

Spilde konstaterer at spesielt det å få kasta eple opp i raspemaskina vekte iver og glede i småtrolla, som raskt lét det gå sport i å bidra med flest og størst eple. Resultatet av innsatsen såg dei straks – ein uformeleg masse av frukt-kjøt og steinar spytta ut i ei bøtte på bakken. Etterpå var det berre å tømme massen i vasspressa, der ein vassballong tynte eplegrauten for

væske til siste dråpe. Til sist var det berre å tappa seg ein smaksprøve som løn for strevet.

– Suksess

Ved Tunet i Øystese lokka den vesle og konsentrerte marknaden mange hundre menneske til torgs laurdag. Til akkompagnement av NRKs Siv Fossåskaret, musikk og bondsk kledde skodespelarar frå Kvam Revyteater kunne folk

hamstra ost, syltetøy, eplemost, svindyr og sunn sjokolade, honning, kaker, lefser og turka eple – for å nemna noko. Og hamstring vart det.

– Fleire utstillarar vart utselde. Nokre hadde selt meir enn dei gjer på Bondens Marked i Bergen. Aktivitetane våre på marknaden vart svært godt mottekne. Kunstkafeen for born fekk ventelister fordi så mange ville vera med, seier Even

Frå venstre:
Med mikrofon: Siv Fossåskaret (t. v.) fekk løyve av NRK til å ta på seg oppdraget som ein slags konferansier på marknaden. Til høgre står festivalsjef Marit Buttingsrud.



Humørskaparar: Kvam Revyteater bidrog til å skapa middelaldermarknadsstemning. Skodespelarane gapa seg i kostyme som var på moten for lenge sidan.





Frå venstre:
Som varmt kveitebrød: Albert Muilwijk frå Myrdal Gard på Tysnes selde geitost så bankterminalen gjekk varm.

Fruktpynt: Birgitte Twilley gjekk tom for råvarer fordi ho selde fruktoppsatsar til den store gullmedaljen. Heldigvis var daglegva-rebutikken like ved.



Under press: Geir Henning Spilde førebur vasspressa som skvisar epla til siste dråpe. Spente born som etter kvart vert reine eplesaft-ekspertane, ser til at alt får korrekt føre seg.

dels godt vitja. Om lag tjue personar lytta til Njål Vindenes sine røymsler som siderproducent. Kring femten fylgde fruktbonde Arnvid Steinstrø sine formaningar om vedlikehald og stell av frukt-tre.

Dei lærevillige gjestene fekk sjå teorien i praksis i hagen til Lars Lofthus, der Steinstrø med rutiner-te og trenar hender nådeløst gyvde laus på eit eple- og eit pæretre. Så liten nåde viste han at han like godt kappar ei heil grein av treet med stigen – rett nok ved eit uhell. Både gurun og lyttarane kom frå hendinga med ein god latter.

Kring sju hundre

Tilskiparane hadde håpa på kring åtte hundre gjester på dei to arrangementa i Øystesehallen. Even Øyri i arrangementskomiteen forsikrar at festivalen truleg går med overskot, sjølv om gjestetallet berre vart om lag sju hundre.

Benny Borg trekte nesten tre hundre då han mimra om Elvis Presley i ord og tonar fredag. Siderfesten dagen etter – med mat og dansemusikk i fleire sjangrar – saug om lag fire hundre or godstolane.

Den tradisjonelle siderkåringa vart avvikla på marknadsplassen laurdag. Teylinga enda med delt fyrsteplass mellom Gerd Lysen frå Tørvikbygd og Helge Frøland frå Norheimsund. På dei neste plassane fylgde Arne Hellestveit, Olav A. Sandven, Bjørn Huse og Erna K. Løken.

Festivalsjef Buttingsrud seier tilskiparane må leggja vinn på eit fagleg sterkare program på sider-sida i 2008.

linga@hf.no

meirsmak

Øyri i festivalkomiteen.

– Over all forventning. Det verka som folk kosa seg, og det vart god gamaldags marknadstemning, seier festivalsjef Marit Buttingsrud.

– Overvelda

Birgitte Twilley var ei av dei som vart sveitte i panna på marknaden. Ho opna laurdagen med føredrag i Kabuso om korleis frukt kan

nyttast til å laga visuelt tiltalende mat. Til talarens og arrangørenes store overrasking var frammettet på heile 40–50 personar, og salet av fruktoppsatsar gjekk strykande. Rubbel og bit vart kjøpt.

Suksessen medførte at Twilley og ektemannen David vart i Øystese under heile marknaden for å laga og selja nye fruktdekorasjonar i staden for å reisa heim tidleg til Tønsberg. Paret lika seg så godt

at David allereie laurdag spurde om det var råd å tinga plass til neste års festival.

David, som er kanadisk, fortel at fruktdekorasjon er ”big business” i Amerika. Kona, som er temmeleg fersk i faget, er førebels truleg den einaste i Noreg. Marknaden ligg såleis for hennar føter åleine, noko etterspurnaden i Øystese indikerte. Twilley måtte på butikken for å handla nye råvarer

etter ei stund.

Frukttideen er ikkje den einaste kreative nyskapinga paret har innført til Noreg. David driv eit handverkarfirma som han like godt døyperte *Rent a husband*. Namnet sikra verksemda stor omtale i Tønsbergs Blad og påfølgjande oppdrag i hopetal, fortel han.

Middels besøk

Dei to andre føredraga vart mid-



Frå venstre:
Klipp-klipp: Arnvid Steinstrø la ut i det vide og det breie om korleis eit frukttré likar å verta klødd bak øyret. Trea i hagen til Lars Lofthus fekk gjennomgå.

Vinnar: Even Øyri (t. h.) ropar ut Gerd Lysen til vinnar av siderteylinga. Ho får ein klem av Susanne Wærn van Hoek (t. v.).